




Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 17.03.2021, kl 12.00-14.00 Stad: Videomøte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge
Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Roald Aga Haug

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo



Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 05/21 Meldingar

Ingen meldingar

Sak 06/21 NTP 2022-2033 - Påverknadsarbeidet vidare framover.

• Oppsummering etter møter med politiske parti

Me har hatt møte me fleste partia, berre SP står att. Det har vore positive møte med gode tilbakemeldingar og gode diskusjonar. Men me har fortsatt mykje jobb for å få våre prosjekt inn i NTP, og helst i fyrste del av NTP.

Me har oppnådd mykje større forståing for Rv 13 blandt politikarane både på fylkes- og nasjonalt nivå. Det er ein bra start.

Må få alle til å verta samde om satsing på rassikring, og kva vegstandard me skal ha i Noreg.

Me har fått fram bodskapen vår, politikarane har lytta. No er det framtidig strategi me fokusera på, må ikkje sleppa trykket no.

Det kan no vera lurt at me fokusera på **konsekvensane av ras** og den usikkerheita det skaper. Det må me selga inn no. Det forstår alle, å vera redde og bekymra for t.d. skulevegen.

• Plan for mediastrategi i samband med framlegginga av NTP

Pressa har fått dokumentet før alle andre, og de som politikarar/kommunar vil få spørsmål frå pressa ganske direkte etter framlegging kl 1200 på fredag.

Alle må vera budde på svar på sparket når spørsmål kjem frå pressa.

Korleis de har individuell kommunikasjon her, vil ha mykje å sei for arbeidet vårt.

Er det viktig for Fjordvegen å få ut svar på fredag?

Vi bør ta oss tid til å lesa og vurdera innhaldet i rapporten før vi kommenterer denne. Derfor bør ein uttale frå Fjordvegen Rute 13 venta til neste veke.

Vil også gjerne ha svar på korleis me handterar begrepet protefølgjestyring.

Dialog i møtet:

Trur at det er lurt å drøye til mandag. Alt kjem til å koka på fredag.

Kven skal prata på vegne av Fjordvegen, dagleg leiar eller styreleiar.

Viktig at me ikkje sutrar, og at me alle repeterar budskapet.

"Dette er ein begynnelse, og håpar at innan ei viss tid er alle dei 62 skredpunktta sikra."

Er det noko me skal følga med på? Kva den totale rassikringspotten er.

Me må vera observante i forhold til fordeling av rassikringsmidlar. Tidlegare er dei blitt fordelt i forhold til innbyggjartal, meir enn antall raspunkt med både middels og høg faktor.

Er usikker på korleis portefølgjestyring er definert og kva dei tenkjer. Mange er usikre på kva det vil ha å seia.

Me må hugsa å takka for det me har fått, og forventa meir. Fjordvegen er den solide aktøren som vurderer skikkeleg, og svarar deretter.

I forbindelse med Rødsliane så kommenterer me lokalt oppstartstidspunkt, og at det vert gjennomført så raskt som mogleg.

Fjordvegen bør fokusera på rassikring.

Men kan også poengtera tidsbruk her, og kva tid dei forventar at vegane i Norge er sikre og framkomelege.

Kor lang tid vil det a å rassikra alle vegane?

Kor lang tid vil det ta før alle vegane er framkomelege med akseptabel standard(vedlikehald)

Skal me venta på media, eller skal me vera offensive og kontakt pressa.

F. eks så har Rv 13 svært vanskeleg å få dekning i BT- ekstra innsats.

Bergen er ein turistby, og bør vera interessert i denne RV 13 som ettertrakta turistvegen.

Bergensarane er mest opptekne av å koma seg til Myrdalen, der er ein parsell dei er opptekne av.

Me bør ha ein offensiv mediastrategi, då må alle brukar dei kontaktane dei har.

Trur me er veldig samkjørte og har eit godt og felles budskap, der me er tydelege.

"Alvorleg med eit smil".

Fjordvegen har gjort veldig godt arbeid for å fremja rassikring. Må også ha fokus på framkome. Vi kan ikkje ha kolonnekjøring midt på sommaren, parallelt med rassikring. Vikafjellet er stengt 2000 timer og har ein omkjøringsveg som betyr 4 timer ekstra køyretid. Vil også løysa 5 rassikringspunkt.

Mediastruktur er viktig.

Skal me ta eit møte på mandag kl 0800 på mandag.

Det er veldig viktig det arbeidet me har gjort. Me har berre fått ein liten kritikk på at me ikkje har ei tydeleg prioriteringsliste.

Kan me få fram eit tal på kor mange skuleungar som vil sleppa å ferdast på ein farleg og rasutsett veg etter at vegane er rassirkla? Denne faren ville dei ikkje godteke andre stader i landet.

Konklusjon:

Venter til mandag med å kommentera, slik at ein får lest dokumentet før uttale.

Styret tar eit ekstra møte kl 0800, for å drøfta utspel.

RV 13 trygg sikker og farbar veg heile året for alle.

- **Plan for påverknadsarbeid fram mot Stortinget si handsaming av NTP 2022-2033 i juni 2021.**

Trur det er Frp er det partiet som har størst påverknadskraft i forhold til endringar.

Me bør også få samferdsleministeren og folk rundt han i tale.

Kva står på spel, og kva har me moglegheit å endra på? Trur ikkje det er fare for å ta vekk noko?

Kva er det då me vil påverka for: Jo det er endring, og då er Frp sentrale.

Regjeringspartia har lagt fram sitt forslag.

Dialog med både samferdselsministeren og hans apparat. Førebu dei på å gi og påverka kva dei skal gje.

Me bør kanskje ha ein breiare horisont, og prøva å påverka heile opposisjonen.

Me bør også følgja strategien vår og arbeida for ekstra løyvingar til rassikringpotten.

Det er all grunn til å forventa meir enn det som er kome fram i samband med lekkasjar.

Frp skal ha møte med innspel i morgen, kan nokon delta på det møtet?

Høyringsinstansane er kanskje dei tyngste påverknadskandidatane, og då er fylkesordføraren i Vestland ein veldig viktig person å påverka.

Morten Stordalen ønskjer å vera ein sentral person i arbeid med påverknad.

Mål med påverknad: Forbedra løyvingar det har vore lekkasjar på, få inn fleire punkt i langsiktig plan og hald på rassikring som overordna mål.

Minner oss på at me er eit arbeidande styre, og må fordela konkrete oppgåver.

Konklusjon:

- Ventar til mandag med å uttala oss.
- Kan me avtala eit nytt digitalt møte med VLFK, RFK med tanke på oppfølging og ekstra drahjelp opp mot Stortinget.
- Kva betyr porteføljestyring? Kan me klara å trekkja ut ein definisjon på kva porteføljestyring betyr i rapporten. Det har mykje å seia for korleis regjeringa tenker gjennomføring av tiltak.

Sak 07/21 Hanne Sundbø/Jostein Eitrheim informerer

- **Årsmøte 2021**

Styret er einige om å ha eit digitalt årsmøte også 2021.

- **Nasjonal rassikringsgruppe - Mogeleg deltaking på Arendalsuka 2021**

Rassikringsgruppa har spelt inn rassikring og klima som eit hovedtema, men me har ikkje fått dette stadfesta enno. Om det vert slik, vil det gje oss det mediafokuset me treng, og det kan verta drøfta uavhengig av korona via digitale plattformer.

Dersom det vert fysisk deltaking, så er planen at Fjordvegen skal me vera med, og dela på bemanning av stand.

- **Travel like the locals i Rogaland**

Status: Administrasjonen i Rogaland hadde meldt dei ut av prosjektet utan politisk handsaming. Det er no ny politisk sak der innstillinga fortsatt er negativ. Dette handlar om å ha ei kollektivsatsing også i reislivet. Fjordvegen føl dette opp, og me må hjelpe til. Kunne tenkt at Fjordvegen hadde ein uttale på dette til RFK. Dette betyr mykje for vegen å ha dette tilbodet, og det er viktig for Ryfylke.
Fjordvegen sender uttale, administrasjonen skriv den.

Sak 08/21 Innmeldte saker/Ymse

Ingen saker.

Kinsarvik, 17.03.2021

Jostein Eitrheim
referent